



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Grete Hamre
Telefon: 57643141
E-post: fmsfgrh@fylkesmannen.no

Vår dato
30.01.2018
Dykkar dato
07.09.2017

Vår referanse
2017/3135- 461.5
Dykkar referanse

Kystverket
postboks 1502
6025 Ålesund

Kystverket - løyve til sprenging og mudring i sjøbotnen ved Haneholmstaren og til utfylling ved Stranda Vest

Fylkesmannen gir Kystverket løyve etter ureiningsregelverket til sprenging og mudring i sjøbotnen ved Haneholmstaren og til utfylling i sjøen ved Stranda Vest i Flora kommune. Løyvet er gitt på nærare vilkår, og tiltaket må vere starta opp innan tre år.

For arbeidet Fylkesmannen har hatt med utsleppsløyvet, må det betalast eit gebyr til staten.

Vi viser til søknad frå Kystverket datert 07.09.2017, og opplysningar som elles har kome fram gjennom telefonsamtalar og andre dokument i saka.

I samband med utdjupeing av farleia i Ulvesundet, søker Kystverket Fylkesmannen om løyve til sprenging og mudring i sjøbotnen. Sprengingsmassane er i utgangspunktet planlagt nytta til utfylling ved Stranda Vest i Florø.

Med heimel i § 11, jf. § 16 i lov om forurensningar og om avfall (ureiningslova) og kapittel 22 i Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforkrifta), gir Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Kystverket løyve til sprenging og mudring av om lag 2200 m³ fast fjell over eit areal på vel 1000m² på sjøbotnen ved Haneholmstaren, aust for nordre Nekkøya. Det vert samstundes gitt løyve til utfylling med alle dei utsprengde massane i deponiet ved Stranda Vest i Flora kommune. Løyvet er gitt med vilkår.

Løyvet gjeld i tre år. Dersom tiltaket ikkje vert starta opp innan denne fristen, fell løyvet bort. Alternativt må det i god tid før oppstart søkjast om forlenging av løyveperioden.

Vilkår for løyvet:

1. Sprengsteinmassane skal, så langt det er råd, brukast til samfunnsnyttige føremål til t.d. vegar, fyllingar og tilsvarende tiltak
2. Sprenging og mudring skal utførast innanfor området ved Haneholmstaren, som er vist på kart i søknaden. Sprengsteinmassane skal, dersom dei ikkje skal nyttast til nyttigare føremål, nyttast til utfylling/dumping på lokaliteten det tidlegare har vore dumpa massar frå farleiltak ved Stranda Vest.
3. Eventuelle lausmassar i sprengingsområdet må vere fjerna før det vert sprengt i sjøbotnen.
4. Sprengingsarbeid i sjøbotnen skal, av omsyn til hekkande fugl, ikkje utførast i tida 1. april -1. august.
5. Det må takast omsyn til gyte- og oppvekstområdet til kysttorsken og dei andre artane som gyter i og nær Nekkøyosen.

6. I førekant av sprengingane skal det skyttast skremmeskot slik at fisk i området får høve til å rømme unna.
7. Sprenging og graving i sjøbotnen skal utførast på ein måte som i størst mogleg grad hindrar plastrestar i å spreie seg i vassmassane eller flyte opp til overflata. Plast på avvege må samlast opp.
8. Utfylling/dumping på sjøbotnen skal utførast på ein måte som i minst mogleg grad fører til fører til spreining av finstoff frå sediment eller plastureining som kan følgje dei utsprengde massane. Plast som flyt opp til overflata, må samlast opp.
9. Dersom det oppstår unormale tilhøve som anten har ført til eller kan føre til ureining, skal tiltakshavar straks melde frå til Fylkesmannen.
10. Ålmenta og Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gang.
11. Det skal utarbeidast ein sluttrapport der resultatet av arbeidet vert presentert og vurdert i opp mot dei vilkåra som er sett i løyvet. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført, og han skal m.a. innehalde:
 - Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk er brukt til nyttige formål og kor mykje som er dumpa i Sognefjorden (rekna i m³ eller tonn).
 - Plassering av massane i sjø (kart med posisjon og UTM-koordinatar)
 - Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva korrigerande tiltak som er sette i verk
 - Vurdering av kva miljøpåverknad tiltaket har ført med seg

Omtale av tiltaket

I samband med planlagd utdjuving av farleia ved Haneholmstaren aust av Nordre Nekkøya i Flora kommune, søker Kystverket Fylkesmannen om løyve til å sprengje og mudre i sjøbotnen. Det vert samstundes søkt om å få dumpe / fylle ut med dei utsprengde massane ved Stranda vest for hamneområdet i Florø. Kystverket søker også om løyve til å etablere eit fast merke (HIB på trebeining) på Florsvikfluene som ligg ca. 400 m frå utdjuvingsområdet. Grunnen ligg på -6,5 m djupne.

Utdjuving og betre merking av farleia ved Haneholmstaren vil vere med på å redusere risikoen for grunnstøytingar og kollisjonar mellom fartøy som trafikkerer leia. Ein djupare og breiare sjøbotn vil gi betre kapasitet og færre kursendringar, og faren for ulykker som i neste omgang kan føre til miljøpåverknad, vil difor verte redusert.

Det er ein grunne som skal sprengjast ned i tiltaksområdet. Botndjupne før tiltaket ligg på -8,5 m. Etter at tiltaket er gjennomført, skal djupna vere på -14 m. Det totale utdjuvingsarealet er berekna til ca. 1000 m², og det er ca. 2200 m³ fast fjell som skal fjernast. Med ein utvidingsfaktor på 2 utgjer dette om lag 4400 m³ lause massar.

Fjell i sjøen vil bli bora og sprengt som eit tradisjonelt utdjuvingstiltak. Massane skal gravast opp med grabb og fraktast med splittlekter til utfyllingsområdet.

Det er planlagt å dumpe / fylle ut med sprengingsmassane ved Stranda Vest, like vest for hamna i Florø. I dette området er det tidlegare deponert massar frå farleitiltak i innseglinga til hamna. Det kan også verte aktuelt å nytte massane til andre samfunnsnyttige tiltak som t.d. vegar og moloar. .

Høyring

Kystverket har innhenta fråsegner frå Fiskeridirektoratet og Bergen Sjøfartsmuseum. Det skal også gjerast avtale med Florø Hamn KF. Fylkesmannen har i tillegg sendt søknaden på høyring til Flora kommune. Vi har med bakgrunn i dette vurdert at søknaden er godt nok førehandsvarsla og har difor ikkje sendt han på vidare høyring. Tiltaket skal varslast gjennom lokalpressa og andre aktuelle kanalar før arbeidet startar.

Følgjande merknader har kome inn til Kystverket:

Fiskeridirektoratet region Vest føreset at det vert sett i verk avbøtande tiltak for å ta omsyn til gyte- og oppvekstområda til kysttorsk og til dei andre artane som gyter i og nær tiltaksområda. Dette gjeld både i samband med utdjuvinga med sprenging i sjøen, i Nekkøyosen, og ved utfylling med massane ved Florø by, Stranda vest. Nærmaste akvakulturanlegg ligg ca. 4,6 km frå utdjuvingsområdet, men Fiskeridirektoratet ber likevel Kystverket om å orientere innehavarane av desse anlegga om utdjuvingsplanane.

Fiskeridirektoratet har i tillegg høyrte Fiskarlaget, som ikkje har merknader til nokon av tiltaka, men dei ber tiltakshavar om å ta omsyn til straumforsyninga til øyane vest for Florø.

Bergen Sjøfartsmuseum: Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Nordre Nekkøya som kan verte direkte råka av tiltaket det er søkt om. Tiltaksområdet ligg innanfor eit større prioritert område for marinarkeologi, men dei ser på potensialet i sjølve tiltaksområdet som avgrensa. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området, og dei gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å melde frå museet dersom det under arbeidet vert funne skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Flora kommune har ingen merknader til tiltaket og er positive til utdjuving og utfylling, då dette er i tråd med kommunen sitt planverk.

Tiltakshavar sine merknader til innkomne fråsegner:

Tiltaket det er søkt om er eit relativt lite tiltak. Arbeidet er berekna til å vere i tre til fire veker og er planlagt utført hausten 2018. På denne tida er det færrast av artane som har gyte- og oppvekstområde i nærleiken, som vil kunne verte påverka av sprengings-, mudrings- og utfyllingsarbeidet.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for avgjerda

I følge § 7 i ureiningslova er det forbode å setje i verk noko som kan føre til fare for ureining, men etter søknad, kan Fylkesmannen gi løyve til slik aktivitet i medhald av § 11 jf. § 16 i lova.

Sprenging og mudring på sjøbotnen, når tiltaket vert utført frå skip / lekter, er regulert etter kapittel 22 i ureiningsforskrifta som gjeld mudring og dumping frå fartøy. Slike tiltak krev løyve frå Fylkesmannen jf. § 22-6 i forskrifta.

Sprenging i samband med etablering av sjømerke vert regulert av ureiningslova § 7 jf. § 8 første ledd punkt 3 om mellombels anleggsverksemd.

Trong for løyve til tiltak som gjeld dumping i sjø frå fartøy, skal vurderast etter kapittel 22 i ureiningsforskrifta. Utfylling i sjø vert regulert etter ureiningslova § 8, tredje ledd der det heiter at ureining som ikkje fører til nemneverdige skader, kan finne stad utan løyve etter § 11 i lova. Fylkesmannen skal også vurdere tiltaket etter § 12 i vassforskrifta og §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Ved avgjerda om det skal gjevast løyve, legg vi vekt på moglege ulemper knytte til ureining, haldne opp mot fordelar og ulemper som tiltaket elles vil kunne føre til.

Ureiningssituasjonen

Tiltaka det er søkt om løyve til, er i følge Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av sediment (M-350/2015), klassifisert som mellomstore tiltak dvs. at arealet som vert påverka er mellom 1000 m² og 30 000 m², og mengd massar som det er søkt om løyve til å fjerne og fylle ut med, er mellom 500 m³ og 50 000 m³.

I tiltaksområdet er det ein grunne som skal utdjupest. Det har ikkje vore utført geotekniske boringar i området, men sjøbotnen i området har vore undersøkt ved hjelp av ROV. Resultata frå undersøkingane viser at botnen for det meste består av bart fjell (90 %) med sand i lommer og sprekker i fjellet.

Ved sprenging i sjøbotnen kan sediment som alt er til stades i området, verte oppvirvla og spreidd utover pga. detonasjonstrykket frå sprenginga, vatn i rørsle og at sprengd stein vert kasta utover. Dersom slike sediment er ureina, vil ureininga kunne verte spreidd i nærområdet.

Det vart vurdert at det var vanskeleg å få teke representative prøvar av sjøbotnen i tiltaksområdet sidan sedimentmengda er lita og er å finne i små sprekker i fjellet. Haneholmstaren er vurdert til å ligge i god avstand frå moglege ureiningskjelder. Fylkesmannen meiner difor at det er lite truleg at det som finst av sediment er ureina.

Sprengsteinmassar vart tidlegare rekna som reine massar, men røynsle frå ulike utfyllingstiltak dei seinare åra viser at slike massar inneheld både sprengstoffrestar og plastureining. Spesielt ureining med plastrestar kan føre til forsøpling av vassmassane. Plast i sjøen vert etter kvart nedbroten til stadig mindre fragment og endar til slutt som mikro- eller nanplast. Dyr som lever i sjøen kan forveksle slike plastbitar med føde.

I samband med sprenging på sjøbotnen vert det nytta tennsystem med skyteleidningar av plast. Plast som ikkje vert samla opp i etterkant, vil kunne føre til ureining, anten ved at han flyt opp eller vert liggjande på botnen rundt tiltaksområdet. Ureininga kan også følgje med sprengingsmassane til utfyllingsstaden.

Sprengingsmassane skal grabbast opp på splittlekter og transporterast til eit eksisterande deponi ved Stranda Vest. Deponiet består av steinmassar frå tidlegare farleiltak i innseglinga til Florø Hamn. Før denne utfyllinga starta, var sjøbotnen i området - i følge Miljødirektoratet sin rettleiar M-608/2016 som gjeld grenseverdier for klassifisering av vatn, sediment og biota - ureina med PAH-stoff opp til tilstandsklasse V. Ut frå analyseresultata, risikovurderinga og den kunnskapen som elles ligg føre om dette området, er det grunn til å tru at eventuell ureining vil vere spreidd jamt utover heile sjøbotnen. Sjølv om dumping eller fylling med stein skulle føre til at finstoff vert virvla opp og spreidde, vil konsentrasjonen av ureining i sedimenta ikkje verte høgare. Tiltaket har truleg også medverka til at dei ureine sedimenta etter kvart har vorte dekkja til med «reinare» massar.

Ved å fylle ut i området, vil sjøbotnen verte dekkja til med reine massar, vel å merke under føresetnad om at utfyllinga vert utført på ein måte som ikkje fører til særleg spreining av sediment og eventuell plastureining som måtte følgje med sprengsteinmassane. Flora kommune har planar om ytterlegare utfylling ved Stranda Vest for å vinne land til t.d. bustader.

Vurdering etter vassforskrifta

Føremålet med vassforskrifta er å gi rammer for å fastsetje miljømål som skal sikre mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane.

Området der det er søkt om løyve til utdjuving, høyrer inn under vassførekomsten 0281011100-1-C Skorpefjorden, som igjen er ein del av vassområde Sunnfjord i vassregion Sogn og Fjordane. Vasstypen er karakterisert som «open, eksponert kyst» (www.vann-nett.no). Den økologiske tilstanden i vassførekomsten er klassifisert som «god», og den kjemiske tilstanden oppnår «god». Største påverknaden er utslepp frå akvakulturanlegg i nærleiken.

Ut frå opplysningane som ligg føre, er dette er ein resipient med generelt god miljøtilstand. Etter vår vurdering er det ikkje noko som tyder på at sprengingstiltaket det er søkt om, vil føre til endring av tilstandsklassen til denne vassførekomsten, eller slik at han ikkje vil oppnå målet om minst tilstand «god», jf. føringane i vassforkrifta.

Området det skal fyllast ut i, høyrer inn under vassførekomsten 0281010900-2-C Florevika Gaddevågen. Vasstypen er karakterisert som «beskytta kyst/fjord». Den økologiske tilstanden vert rekna som dårleg, medan det manglar opplysningar om den kjemiske tilstanden. Vassførekomsten omfattar hamneområdet i Florø og er påverka av både skipstrafikk, avløp og industri.

Det er ikkje grunn til å tru at tiltaket vil føre til at tilstandsklassen til vassførekomsten vert forverra slik at måla i vassforskrifta ikkje vert oppnådde.

Vurdering etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (§§ 8-12) skal leggjast til grunn i offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet. Dette inneber at avgjerder skal byggjast på eit vitenskapleg kunnskapsgrunnlag, dei skal ivareta eit føre-var-prinsipp, og ein påverknad skal vurderast i samheng med den samla belastninga som eit økosystem vert utsett for. I tillegg skal det nyttast miljøforsvarlege teknikkar og metodar til tiltaket.

Sprenging i sjøbotnen:

Sprenging under vatn kan føre til direkte skade på både fisk, virvellause dyr og sjøpattedyr over relativt lange avstandar. Det er særleg trykkløysene som oppstår i etterkant av sprenging som kan føre til skade. Fisk med symjeblære er spesielt utsette, og små fisk er meir sårbare enn store. Blant dei virvellause dyra ser krabbe ut til å vere mest utsett for skade. Dyr som held til på sjøbotnen vil også ha større problem med å flykte når sprenginga tek til, sjølv om det vert skote skremmeskot på førehand. Leveområdet til botnlevande dyr og planter vil verte påverka av sprengd stein og graving for å fjerne steinen.

Utfylling med sprengsteinmassar:

Utfylling med massar på sjøbotnen vil kunne påverke det marine miljøet i utfyllingsområdet ved at leveområde for dyr og planter som lever på botnen, vert dekkja over. I tillegg vil organismar som er spesielt kjenslevare overfor suspenderte partiklar, kunne ta skade av tiltaket. Området der sprengingsmassane skal plasserast, er frå før fylt opp med massar frå tidlegare utdjuvingstiltak, og det er uviss i kor stor grad dyre- og plantelivet på botnen er reetablert.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Sjøbotnen i tiltaksområdet er undersøkt ved hjelp av ROV. Resultata frå undersøkinga viser at området består av bart fjell med sand i mindre sprekker i fjellet. Det er ikkje registrert naturtypar som i følgje Miljødirektoratet sin Naturbase, vert vurderte som viktige for biologisk mangfald. Det er observert fuglearter innanfor influensområdet som i følgje raudlista er klassifiserte som sårbare eller sterkt trua. Dette er makrellterne, sjøorre, lappspove, kysthumle, svartbak og havørn.

Tiltaket ligg om lag 600 m frå Nekkøytåa naturreservat for sjøfugl.

Når det gjeld utfyllingsområdet, så er det i følge Naturbase ikkje registrert sårbare eller trua artar i dette området. Det ligg i tillegg i stor avstand frå nærmaste verneområde.

Ut frå opplysningane som ligg føre, meiner Fylkesmannen at kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande for å kunne fatte vedtak om løyve.

§ 9 Føre-var-prinsippet

Sidan vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget for å vurdere konsekvensar for naturmangfaldet i sjølve utsleppssaka er oppfylt, er ikkje føre-var-prinsippet aktuelt å vurdere nærare.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Fylkesmannen er ikkje kjend med at området det er søkt om løyve for tiltak i, vert påverka av andre tiltak eller aktivitetar i nærleiken som kan vere med på å auke den samla belastninga av økosystemet.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

Tiltakshavar må dekke kostnadene med etablering av avbøtande tiltak som må setjast i verk for å hindre ev. skade på naturmangfaldet så langt dette ikkje er urimeleg ut frå storleiken på tiltaket og skadeomfanget. Søkjar opplyser at utførande entreprenør skal følgjast tett opp, og at det er utarbeidd ein ytre miljø-plan som skal syte for at det vert teke naudsynte omsyn for å avgrense eventuelle skader på miljøet i samband med gjennomføring av tiltaket.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Tiltaket vil vere ein tradisjonell utdjuingsjobb. Slike tiltak vert årleg gjennomført av Kystverket. Ut frå røynsle med denne typen arbeid, meiner Kystverket at er det ikkje kjent at det finst andre metodar eller teknikkar som kan sjåast på å kunne redusere mogleg verknad på miljøet i større grad. Ulemper som t.d. verknad frå sprenging under vatn, er omtalte under avbøtande tiltak.

Avbøtande tiltak og overvaking

Sprenging i sjøbotnen vil skape trykkbølgjer som vil kunne føre til skade på fisk, fugl og anna dyreliv i nærleiken. I tillegg vil sprengde massar kunne ha noko å seie for dyre- og plantelivet på botnen ved at habitatet vert dekkja til.

Søkjar har opplyst at det skal skytast skremmesalver i førekant av kvar sprenging. Det skal vidare nyttast sekvensiell sprenging der kvar salve vert delt inn i fleire små salver. Berre første sekvensen i ei slik sprenging (typisk 1-3 borehol) gir trykkbølgjer av «betydning». Trykkbølgjene knytt til dei neste hola vil då i hovudsak bli absorberte i gassen som vert danna av føregåande sekvensar. For å hindre at fugl vert uroa i hekketida, skal det ikkje sprengjast i sjøbotnen i perioden 1. april -1. august.

Tiltaket skal utførast hausten 2018. På denne tida er det få av artane som har gyte- og oppvekstområde i nærleiken, som vil kunne verte påverka av sprengings-, mudrings- og utfyllingsarbeidet.

Ved sprenging i sjøbotnen vil plastureining i form av sprengingsleidningar kunne verte spreidd i vassmassane, eller følge sprengsteinmassane. For å unngå at plast flyt opp, kan det nyttast tenningsystem med leidningar som søkk.

I samband med utfyllinga, bør det vere på plass utstyr som kan fange opp eventuell plastureining som flyt opp t.d. lenser.

Fylkesmannen sine merknader til innkomne fråsegner

Fylkesmannen har ingen merknader til fråsegnene som er komne inn.

Konklusjon

Med bakgrunn i opplysningane som har kome fram i søknaden, og etter ei heilskapleg vurdering av kva samfunnsmessige fordelar og miljømessige ulemper tiltaket vil føre med seg, har Fylkesmannen kome fram til at vi kan gi løyve etter ureiningslova § 11 jf. § 16 og ureiningsforskrifta kapittel 22 utdjuing i sjøbotnen ved Haneholmstaren og til utfylling / dumping i sjøen ved Stranda Vest i Flora kommune.

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen si handsaming av søknaden er omfatta av ei gebyrordning, jf. kapittel 39 i ureiningsforskrifta. Fastsetjing av gebyrsats skal baserast på ressursbruken knytt til handsaminga av søknaden. Ut frå ressursbruken har vi vurdert å nytte sats 5.

Kystverket vert med dette varsla om at Fylkesmannen vurderer å nytte gebyrsats 6 (2017-sats) for handsaming av søknaden, dvs. kr. 19 700, - , jf. ureiningsforskrifta § 39-4 om gebyr for arbeid med fastsetjing av nye og endring av eksisterande løyve.

Dersom de har merknad til dette varselet, må denne sendast til Fylkesmannen innan tre veker. Gebyret vert deretter fastsett i eige vedtak.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet og ev. trekkje løyvet attende etter reglane i ureiningslova § 18.

Ansvar

Sjølv om det er gitt løyve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren å hente inn naudsynte eller samtykkje frå andre styresmakter eller privatpersonar.

Offentleggjing av løyvet/vedtaket

Ålmenta skal gjerast kjend med vedtaket, jf. § 36-11 i "Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)"; kapittel 36 "Behandling av tillatelser etter forurensningsloven". Den som har fått løyvet skal setje inn ei kunngjing i lokalpressa. Kunngjinga skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjingstekst skal sendast Fylkesmannen.

Tiltaket skal varslast før arbeidet startar.

Fylkesmannen vil kunngjere vedtaket på sine heimesider www.fylkesmannen.no/sogn-og-fjordane .

Klagerett

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken jf. forvaltningslova § 29. Klageretten gjeld også vedtak om gebyr for sakshandsaminga. Jf. § 41-5 i ureiningsforskrifta.

Eventuell klage bør grunngjevast skriftleg og skal rettast til Klima- og miljødepartementet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Eline Orheim
ass. fylkesmiljøvernssjef

Grete Hamre
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi på e-post til:

Flora kommune
Florø Hamn KF
Fiskeridirektoratet region Vest
Sogn og Fjordane fylkeskommune